

Historikk

Ei kvern ved Lora er fyrste gong nemnd i eit skinnbrev i 1326. «Loro kuæn» var nok eit mykje enklare anlegg enn dagens Lorkvern. Dagens anlegg kan vera frå rundt år 1800, eller nokre tiår tidlegare eller seinare.

Lorkverna var viktig for bygda, for her var det sikkert vatn heile året. Gardar langt sør i bygda hadde «lodd» i Lorkverna i 1749.

Lorkverna, slik ho framstår i dag, er oppattbygd og restaurert av Lesja historielag, i perioden 2000 – 2010. Ho er nå ein del av Lesja bygdemuseum - eigarstiftinga.



Kverna

Kverna er kopi av den som stod her kring 1920. På denne tida bytte den siste møllaren ut kvernkallen med turbinhjul, og han sette reimdrift på to sett kvernsteinar, slik at ein kunne male både matmjøl og grøype, – eit grovare mjøl brukt til dyrefôr. Han bygde òg overbygg med gangbru på kvernhuset, slik at det vart lettare å handtere kornet.



Vassinntaket, kanalen

Vassinntaket til Lorkverna er ein nåledam, der vassmengda blir regulert. «Nålene» er kraftige vertikale plankar som kan stenge delar av, eller heile opninga. Vatn grev og arbeider, og elva kan stige raskt utan varsel. På kanalen er det difor fleire utslag, slik at overflødig vatn kan førast attende til elva.

Møllarstugu

Her budde møllaren, sidan kverna låg så langt frå bygda. I periodar budde heile familien hans i møllarstugu. Møllarstugu vart restaurert i år 2002, og to tredelar av tømmeret er det originale.

Vadmålstampa

Her blir vovne ullklede tøvde, slik at dei blir vind- og vass-tette. Stampa er bygd opp på same fundament som den gamle. Stampa blir driven av eit overfallshjul.



Stallen

Her kunne det vera plass til inntil fire hestar, og for eigareren var det plass til å sove på hemsen. Det var langt til bygds, og enkelte hadde så lang veg at dei måtte overnatte. Mykje av malinga foregjeikk om vinteren, og folk og hestar trong hus. Stallen står på same staden som den gamle stallen.

Tidlegare stod òg ei tørstugu midt på plassen. Ho er ikkje oppattbygd, men tufta synest.

Kolmila, jernblesteret

Før jern frå gruver kom i handel, var det vanleg å utvinne jern frå myrmalm, eller «raude» som det vart kalla. I denne prosessen treng ein trekol for å få høg nok temperatur, dette blir brent i ei kolmile. Ein veit ikkje om det opphavleg har vore jernutvinning i dette området. Blesteromnen som historielaget har bygd opp fungerer godt. Blåsebelgen er ein kopi av ein eldre på Lesja bygdetun. Belgen blir driven av eit overfallshjul.



Kvernvegen, frå parkeringsplassen til Lorkverna

Dette er den opprinnelege vegen til Lorkverna. Vegen passerer ei kolmiletuft frå da Lesja Jernverk gjekk (ca. 1660–1812). Vidare ser ein tufta etter Nebbkverna, og tuftene etter Lorsa. Frå Nebbkverna og oppover kan ein sjå fleire store vasskanalar.

Vegen går langs ein over 50 meter høg sandrande, eit minne etter siste del av siste istid.

Vegen ved Sandranden, rett før ein kjem til kverna, måtte kvart år utbetrast, for elva grov og øydela.

Restaureringsarbeidet

I år 2000 byrja Lesja historielag restaureringsarbeidet. Det vart bygd veg ned Strypdalen. Stallen var fyrste huset som kom opp, i 2001. Møllarstugu stod utan tak. I 2002 vart huset restaurert, stort sett av dei gamle tømmerstokkane. Kverna vart rekonstruert i 2004. Alt av trevyrke er nytt her. I 2008 vart både stampa og blesteromnen bygd.

For å gjera det triveleg for alle som kjem til anlegget, er det sett opp benkar og bord og bygd bål plass og grill på mølletunet.

For å sikre anlegget for framtida, overdrog Lesja historielag Lorkverna til Lesja bygdemuseum i 2009. Historielaget er framleis aktive i drift og utvikling av staden, og har under planlegging ei bru over Lora ved kverna.



Aktivitetar på Lorkverna

Alle hus på Lorkverna står opne heile året, det er berre å gå inn! Ver snill og skriv namnet ditt i gjesteboka, og gjerne ein kommentar eller ei helsing. Bruk gjerne bålplassen eller grillen. Ved finst i skålen og grillkol i stallen.

Omvisning på Lorkverna omfattar ei orientering om bruken av området gjennom tidene og demonstrasjon av maling og stamping.

Nymale byggmjøl er å få kjøpt. 3–4 gonger om sommaren blir det brent trekol og bles-tra jern av myrmalm, og kvart år den 23. juni er alle velkomne til samling om jonsokbålet ved Lorkverna.

I møllarstugu og på kvernloftet er det høve til å overnatte, kr 100 pr. person pr. natt.

Rørslehemma personar kan få skyss til Lorkverna, kontakt historielaget, sjå heimesida.


For tider for omvisning, arrangement, og om overnatting, sjå: lesjahistorielag.no.

Historielaget får mange positive tilbakemeldingar frå besøkande fordi det er så godt tilrettelagt og velstelt på Lorkverna. Bak dette ligg ein stor dugnadsinnsats. Det kostar å drive anlegget, derfor set vi pris på om alle betaler kr 20 i kassa ved stallen, sjølv om kverna ikkje er i drift.

Og ver snill å forlate Lorkverna like ryddig og fin som da du kom!



Tekst og utforming: Tor Einbu. Foto: Bjarne Fossey, Mette Hole, Erlend Lien Einbu, Tor Einbu. Brosjyren er støtta av Lesja kommune 2012.



Korleis koma til Lorkverna

Lordalsvegen tek av frå E-136 på Lora, omlag midt mellom Dombås og Bjorli, skilt Lorkverna. Etter ein kilometer, vegkryss, køyr til venstre (ikkje gjennom bommen). Vidare bru over Lora, nytt kryss, køyr til høgre. Tre kilometer langs elva, til parkeringsplassen. Derifrå gangstig, Kvernvegen, 1,2 kilometer til Lorkverna. Lett terreng, turen eignar seg bra for barnevogn og rullestol. Kulturminne, sjå side 3 i brosjyren.



Omvisning

Fredag – søndag ca. 20. juni – 20. august kl. 10–16. Vaksne kr 50, barn gratis.

Ved arrangement, vaksne kr 50, barn gratis. Besøk utan omvisning: Vaksne kr 20, barn gratis.

Ved private arrangement, pris etter avtale. For opplysningar om omvisning, arrangement og overnatting, sjå lesjahistorielag.no.



Lesja bygdemuseum
Eigarstiftinga

